

## Sykkylven SK på sykkeltinget

Sykkylven SK var den einaste sykkelklubben frå Møre og Romsdal som var representert på sykkeltinget i Trondheim dagane 26. – 28. februar. Sykkeltinget vert arrangert kvart andre år og er det øvste organet i sykkelsporten. Det er her dei sportslege og sykkelpolitiske målsetningane vert drøfta og avgjorde.

Det var underteikna som representerte klubben vår i Trondheim. Eg synest det var stimulerande å vere med på dette tinget. Det var ei god stemning på saminga. Det kom ikkje minst av at økonomien til sykkelforbundet er retta opp etter nokre år med underskot. Den økonomiske framgangen speglar av ein auke i antalet organiserte syklistar. Det er fleire som er medlemmer i sykkelklubbar og det er fleire som er med i ritt der det vert betalt lisens til Norges Cykleforbund.

Forbundet vedtok eit nytt sykkelpolitisk strategidokument der eg synest det var ein god balanse mellom satsing på topp og breidde. Eg liker også godt arbeidet sykkelforbundet legg ned for å betre sikkerheita ved sykkelritt. Forbundet si målsetning er å få fjerna all motgåande trafikk ved sykkelløp i Norge. Dette er heilt i tråd med forslaget som Sykkylven SK la fram på tinget. Vi ville ha trafikkfrie løyper under sykkelritt for aldersklassene under 13 år. Forbundsstyret støtta framlegget. Men diverre fekk det ikkje nok stemmer på tinget til å bli vedteke. Dei som røysta mot var redde for at det ville bli færre rittarrangørar for dei yngste med såpass strenge sikkerheitskrav. For oss i Sykkylven SK går sikkerheita til dei yngste syklistane våre framfor alt anna.

Vi lukkast bedre i argumentasjonen vår for å få inn ein ny NM-kategori. Vi talte varmt for eit forslag frå Eidsdal IL om å innføre motbakkeritt som ei ny NM-grein. Det gjekk glatt igjennom sjølv om meisterskapa i første omgang får såkalla uoffisiell status.

Neste sykkelting vert i Harstad om to år. Då er det vonleg ikkje berre Sykkylven SK som er med frå Møre og Romsdal.